



"USA må underskriva
FREDSAVTALEN straks!"

F A K K E L T O G fra Byparken til Rådhusplassen onsdag 20. desember kl. 18.30

SLUTT OPP!

FOLKET I VIETNAM TRENG ALL DEN STØNADEN DU KAN GJE!

Hovedarrangør: FML-gruppa i Haugesund



FREDSAVTALEN må underskrivast straks

AMERIKANARANE FØRER KRIG I VIETNAM. Og det har dei halde på med i 20 år, nesten. - Kvifor? Den tidlegare amerikanske presidenten Eisenhower peikte på at det var viktig for USA å sikra seg kontrollen over råvarokjeldene i Indo-Kina. Dei økonomiske motiva var og er i forgrunnen. - Reint historisk veit me nå at Ho Chi Minh i åra 1946-47 gong på gong bad dei fridonselskande amerikanarane om hjelp i den kampen folket i Vietnam då førte mot japanarar og franskmenn. Han fekk korkje svar eller hjelp. I staden vart det amerikanarane som overtok krigføringa etter at franskmennene var blitt kasta på sjøen i 1954. Dette gjev Pentagon-rapporten oss opplysningar om. Den er ei hommelegstempla historisk oversikt over USA sitt "engasjement" i Indo-Kina (altså eit amerikansk regjeringspapir) Der står det svart på kvitt at Sør-Vietnam i alt det vesentlege er USA si oppfinning, at den amerikanske regjeringa heilt bevisst prøver å få det som i røynda er ein nasjonal frigjeringskamp til å sjå ut som indre splitting og bergarkrig. Det er denne regjeringa som set navnet "kommunistiske infiltratorar frå nord" på den nasjonale frigjeringsfronten, FNL. Når me ser på det lureriet denne regjeringa ~~har~~ fare med bak ryggen på folk i vietnam-saka, blir dette lite troverdig i seg sjølv. Og endå mindre troverdig blir det etter som me veit at det politiske grunnlaget til FNL er meir moderat enn det det norske Senterpartiet står på.

MEEN NORD-VIETNAM INVADERER SØR-VIETNAM, vert det hevda. Dette er ikkje sant. Vietnam er i røynda eitt land og folket der eitt folk, deira 4000 år gamle historio syner oss det. Og Vietnam er eit lite land der 90% av befolkninga er bønder. Den einaste grunnen til at dette folket ikkje berre kunne stå inot, men også vinna over det økonomisk og militært sterkaste landet i verda i dag, USA, må vera at dei står samla, at dei fører ein rettferdig kamp.

FREDSFORHANDLINGANE betyr nettopp det at USA er i ferd med å bli kasta ut dei også, liksom franskmennene blei det. Presset frå verdsopinionen tvinga først Nixon til å trekkja attende landstridskreftene sine. Politikken hans vart vidare gradvis å overføra ansvaret for kamphandlingane på landjorda til Thieu sine styrkar, "Saigonheren". Men Nixon sin "Vietnamiseringspolitikk" slo feil. Månadleg deserterer det 25000 frå Saigonheren, i april hende til og med det forsmedelge at heile det 56. regiment i 3. divisjon gjekk over til frigjeringsstyrkane og kjempar vidare på deira side. Nå har Thieu forbode all opposisjon. Berre aviser direkte kontrollerte av regjeringa kjem ut og alle demokratiske val er stogga på uviss tid. Alle skular er lukka og alle menn i alderen frå 17 til rundt 45 år har blitt kalla inn for å gjera teneste i heren. - Ikkje til å undrast over at Thieu kan skryta av å ha over ein million mann i rekkjene sine. - Men trass i dette let ikkje opposisjonen seg knekkja, trass i at det i dag sit rundt rekna 300000 politiske fangar i dei Sør-Vietnamosiske fengsla, der 15000 nye får plass kvar månad. Til bønns mannen som stilte som motkandidat til Thieu ved presidentvalet i 1967, Deu heitte han, har sete i fengsel sidan. Han ville slutta fred i Vietnam. Det var brotsverket hans.

MEEN FRIGJERINGSFRONTEN VEKS STENDIG I STYRKE. Dei vinn stendig nye signar, politiske som militære. - Og amerikanarane er blitt lystne på fred, gjev dei uttrykk for. Fredsavtalen er snart klar til å underskrivast. Det er berre Thieu og eit par andre snåting det står på nå, seier dei. Denne Thieu nekter å underteikna 9-punktsforslaget FNL og Nord-Vietnam har sett fram, heiter det. - Men det er nok amerikanarane sjølv det i røynda står på. Thieu kom seg til makta på grunn av amerikanske dollar, bomber, fly og heroin. Han sit som leiar fordi amerikanarane gjorde han til det, og fordi dei framleis vil han skal sitja der.

underteilma fredsavtalen er det ikkje fordi han har gjeve opp tanken på Vietnam som ein amerikansk koloni, eller fordi amerikanarane har forandra utanrikspolitikken sin. Nixon driv forhandlingar fordi han har tapt krigen. Vietnamiseringa har vore ein fiasko og Saigon-hæren løyser seg meir og meir opp. Frigjeringsrørsla har sett i gang ein offensiv ein aldri har sett maken til før. Nixon har vanskeleg for å finna andre nottrekk enn å auka bombinga av Nord-Vietnam. Til nå har han brukt 150 kilo bomber for kvart einaste menneske i Nord- og Sør-Vietnam. Håpet hans er å øydeleggja kampanalen deira. - Men han greier ikkje det, og byrjar vel også å erkjenne det sjølv nå. Han er på jakt etter ei løysing, men er framleis usikker på på kva han skal gjera, eitt av to: Enten å underteilma eller å opptrappa krigen kraftig. Taktiske kjernefysiske våpen, mindre atomvåpen, kan bli aktuelle. Dette siste vil bety ein katastrofe for folket i Vietnam. - Me må hjelpa Nixon til å ta det rette valet, å underteilma.

MEN KVA KAN ME HER I HAUGESUND GJERA? Eg vil gjerne få sitera noko den amerikanske skodespolarinna sa i eit intervju med vekobladet "Aktuell": "Kampen mot regjeringens krigføring i Vietnam har vært et ledd i en prosess som kan gjøre slutt på liknende kriger. Alle protestskriv, alle demonstrasjoner hjelper. Og det har vært en stor inspirasjon for amerikanerne at skandinaverna har vært så engasjert mot krigen i Vietnam. Da det ble slutt på bombinga av dikona, var det ikkje minst takket vore skandinaverna. Vietnamoserne vet hva som foregår rundt om i verden, de ser filmer av folk som marsjerer i Oslo og New York og skjønner at det er en internasjonal krig de fører. Dessuten har det en effekt på Nixon, han vil kanskje tenke seg om to ganger når verdensopinionen går ham imot." Dette seier ei amerikansk skodespolarinne som har sær s godt kjennskap til krigen i Vietnam, ho har sjølv vore på vitjing der for kort tid sidan. Ho meiner at me her i Noreg kan gjera ein innsats for folket i Vietnam.

I fjor på desse tider arrangerte FNL-gruppa eit fakkeltog frå Byparken til Rådhusplassen. Rundt om 5 organisasjonar og 70 einskildpersonar slutta opp om toget, og synte på det viset motstanden sin mot den krigen amerikanarane fører i Vietnam. 20. desember i år vil FNL-gruppa saman med ein del andre organisasjonar arrangera eit nytt fakkeltog. Me kjem til å gå frå Byparken kl.18.30 til Rådhusplassen der det vil bli halden ein kort appell. Frå kl. 19.30 til 21,30 tek me sikte på eit møte der alle er inviterte, også dei som ikkje var med i toget. Møtet blir lagt opp med eit variert program, film, visesang, diktlesning, diskusjon med utforming av ein resolusjon. - Me vonar at i det minste dobbelt så mange som i fjor vil slutta opp om toget og møtet etterpå.

Parolegrunnlaget for toget er:

- 1: USA UT AV INDO-KINA
- 2: FRED I VIETNAM NÅ
- 3: SOLIDARITET NORGE-VIETNAM - 1/2 million TIL PRR
- 4: USA MÅ UNDERSKRIVA FREDSAVTALEN STRAKS

Denne siste parolen er hovudparolen for toget, og me vonar at alle som kan støtta denne eller ein av dei andre parolane, sluttar opp om toget og viser motstanden sin mot amerikanarane si krigføring i Vietnam. **GODTOLK, ME VEIT AT DETTE TOGET KJEM REITT OPP I JULESTRIDEN FOR DYKK, MEN TA DYKK LIKEVEL FRI BIT PAR TIDAR PÅ DEN 20. (FNL sin 13 årsdag) OG SLUTT OPP OM TOGET.**

STØ OPP OM FOLKET I VIETNAM. DEI TRENG DEN STØNADEN DU KAN GJE.

Elles viser me til annonse i Avisa.